

Notat

Dato: 24.10.2018
Arkivsak: 2018/15235-1
Saksbehandlar: birhau

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Hybelbuarar i Hordaland og bruk av eingongsbestikk o.l. i skulekantiner

Øyvind Strømmen MDG har sendt inn følgjande spørsmål:

«1. Hybelbuarar i Hordaland

- a. Kan opplæringutvalet få ein oversikt over talet på hybelbuarar ved dei ulike vidaregåande skulane i Hordaland?
- b. Finst det eller kan det utarbeidast nokon oversikt over korleis det å vera hybelbuar påverkar gjennomføring og fråfall?

2. Eingongsbestikk o.l. i skulekantiner

Me har fått opplysningar om at det vert nytta ein heil del eingongsbestikk og liknande i skulekantiner og vidaregåande skular i Hordaland, blant anna pappfat ved servering av skulefrukost. Dette synest problematisk både frå ein miljøståstad, i høve ressursbruk, og gjer oss også betenkte i høve økonomi. Når Hordaland fylkeskommune samstundes set av pengar i økonomiplanen til opprydding av plastavfall, er dette eit paradoks. I denne samanheng har me følgjande spørsmål:

- a. I kva grad vert det nytta eingongsbestikk, -fat, -koppar og liknande i kantiner og elles i dei vidaregåande skulane i Hordaland?
- b. Kva er i så høve bakgrunnen for dette?
- c. I kva grad er det teke grep for å redusera og fjerna bruken av eingongsbestikk?»

Fylkesrådmannen svarar slik:

1 Hybelbuarar i Hordaland

- a. Talet på hybelbuarar ved dei ulike vidaregåande skulane i Hordaland
Inneverande skuleår er det registrert c/o-adresse på 598 elevar pr oktober 2018. Tabellen under syner elevar med c/o-adresse pr skule.

| Skule | Elevar med reg.c/o adr. 2018-19 | Skule | Elevar med reg.c/o adr. 2018-19 |
|----------------------|---------------------------------|----------------|---------------------------------|
| Amalie Skram vgs | 15 | Odda vgs | 18 |
| Arna vgs | 1 | Olsvikåsen vgs | 3 |
| Askøy vgs | 0 | Os gymnas | 1 |
| Austevoll vgs | 1 | Os vgs | 75 |
| Austrheim vgs | 7 | Osterøy vgs | 3 |
| Bergen Katedralskole | 16 | Rubbestadnes | 10 |
| Bergen Maritime vgs | 5 | Sandsli vgs | 2 |
| Bømlo vgs | 1 | Slåtthaug vgs | 6 |
| Fitjar vgs | 28 | Sotra vgs | 2 |
| Fusa vgs | 36 | Stend vgs | 8 |
| Fyllingsdalen vgs | 7 | Stord vgs | 31 |
| Kvam vgs | 21 | Tertnes vgs | 3 |
| Knarvik vgs | 33 | Voss gymnas | 68 |
| Kvinnherad vgs | 3 | Voss vgs | 129 |
| Laksevåg vgs | 6 | Årstad vgs | 25 |
| Langhaugen vgs | 9 | Åsane vgs | 18 |
| Nordahl Grieg vgs | 7 | Totalt | 598 |

- b. Påverkar det å vere hybelbuar gjennomføring og fråfall?
Opplæringsavdelinga har ikkje hatt systematisk registrering av hybelbuarar i tidlegare år. Det er difor ikkje gunnlag for å utarbeide statistikk som tek for seg gjennomføring og fråfall spesielt for hybelbuarar.

2. Eingongsbestikk o.l. i skulekantiner

- a. I kva grad vert det nytta eingongsbestikk; fat, koppar og liknande i kantiner og elles i dei vidaregåande skulane i Hordaland?
Ei undersøking blant skulane syner at om lag 75 % av skulane nyttar eingongsbestikk; fat, koppar eller liknande (eingongsbestikk). Bruken varierer frå minimal bruk som t.d. ved utflukter og større arrangement til dagleg bruk i kantine og til skulefrukost.
- b. Kva er i så høve bakgrunnen for dette?
Det er ulike årsaker til at skulane nyttar eingongsbestikk. Nokre skular seier at dei ikkje har forhold som ligg til rette for oppvask. Andre seier at elevane tek maten med seg rundt på skulen, og at det difor ikkje er føremålstenleg med anna enn eingongsbestikk. Manglande fasilitetar for sortering, rydding og oppvask er ein av grunnane til at skular nyttar eingongsbestikk. For lite bestikk, koppar og fat er også ei årsak til at skulane nyttar eingongsbestikk. Manglande personellressursar blir også nemnt som årsak til bruk av eingongsbestikk.

I tillegg til at graden av bruk varierer, er det også variasjonar i kva type eingongsbestikk som vert nytta og om ein nyttar plast eller papir.

- c. I kva grad er det teke grep for å redusera og fjerna bruken av eingongsbestikk?

Fleire skular seier at dei har ei bevisst haldning til bruk av eingongsbestikk og gjer tiltak for å redusere bruken. Det er gjort grep for å redusere bruken av eingongsbestikk. Mellom anna melder skulane at dei;

- har redusert bruken til eit minimum
- har innført «plastgebyr»
- oppmodar elevane til å ta med egne termokoppar